



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

NLA 01.11.10

## **Høyring - NOU 2010:7 Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet**

NLA Høgskolen takkar for høve til å gje høyringsuttale til NOU 2010:7 Mangfold og mestring

Høyringa har vore til uttale og drøfting i eit tverrfagleg team frå norsk, samfunnsfag og pedagogikk ved NLA Høgskolen. Vi vil påpeika at vi synest at komitéen som står bak NOU 2010:7 har gjort eit grundig og godt arbeid. Vi sluttar oss til utvalet sine forslag til tiltak med følgjande kommentarar og merknader:

### **Til kap 7: Barnehage og andre tilbud i førskolealder**

Vi ser på det som svært positivt at det blir innført gratis barnehagetid på 20 timar for alle barn i barnehage og at kommunane bør vera forplikta til å ha open barnehage og språkgrupper for barn som ikkje går i barnehage. Vi er samde i at departementet særleg må følgja opp barnehagen si bemanning og at det er tilstrekkeleg med pedagogisk kompetanse i barnehagen. Fleire pedagogar i barnehagen vil auka kompetansen. Vi gir og vår tilslutning til at kompetanseheving bør koma inn som ein obligatorisk del av førskoleutdanninga. Vi vil slutta oss til mindretalet sitt forslag om at individuell rett til språkstimulering/særskilt norskopplæring blir heimla i ny barnehagelov.

Vi er ueinige i at kontantstøtta bør bli tatt bort, fordi det nettopp er i perioden frå 1- 2 år at barn er inne i den viktigaste fasen i utvikling av morsmålet og sosialisering (tidleg tilknytning) og det vil ha stor verdi for dei aller minste barna å vera mest mogleg saman med omsorgspersonane/foreldra for å læra sitt eige språk. Ein bør heller, slik utvalet foreslår, i større grad satsa på at alle kommunar kan gje tilbod om rettleiingskurs for foreldra (ICPD).

### **Til kapittel 8: Minoritetsspråklige elevar i grunnskolen**

Utvalet peikar på at mange minoritetsspråklege elevar har behov for særskilt språkopplæring for å få likeverdig utbytte av opplæringa, men at dette behovet i svært varierende grad blir stetta. For å sikre både elevane sine rettigheter til særskilt språkopplæring og god kvalitet i denne opplæringa, foreslår utvalet at dagens regelverk blir presisert. Når det gjeld bruken av

---

*Postadresse:*  
NLA Høgskolen  
Postboks 74 Sandviken  
5812 Bergen  
Org.nr. 995 189 186

*Besøksadresser:*  
Sandviken: Amalie Skrams vei 3, Bergen  
Breistein: Olav Bjordals vei 41, Breistein  
  
*Bankkonto 3000.48.00008 (drift), 3000.48.00040 (gave)*

*Telefon: 55 54 07 00*  
*Telefaks: 55 54 07 01*  
*E-post: [post@nla.no](mailto:post@nla.no)*  
  
[www.nla.no](http://www.nla.no)



læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, støttar NLA Høgskolen mindretalet sitt forslag om at det bør vera obligatorisk å nytta denne og medfølgjande revidert kartleggingsverktøy, då vi meiner at dette best sikrar både at elevane sine rettigheitar om tilpassa opplæring blir ivaretekne og at den avgjerande pedagogiske kompetansen blir utvida og styrka.

## **Kapittel 13: Minoritetsspråklige studenter i høgere utdanning**

Utvalet foreslår at innhald, undervisningsformer, vurderingsformer og organisering av studia skal leggja til rette for studentar med utradisjonell bakgrunn. Det er i mange tilfelle begrensa rom for slik tilrettelegging i høgare utdanning fordi innhaldet, undervisningsformer, vurderingsformer osv. er tilrettelagt for framtidig yrkesutøving, spesielt i profesjonsutdanningane som førskolelærer- og allmennlærerutdanning. Utforminga av studietilbod er planlagt for å gje studentane kompetanse og ferdigheitar til framtidig yrkesutøving. Det er lite ønskeleg å stilla andre krav til studentar med utradisjonell bakgrunn enn andre studentar. Det betyr ikkje at det ikkje bør takast omsyn til studentar med utradisjonell bakgrunn der det er mogleg, men at tilrettelegginga ikkje får den rolla utvalet har tenkt seg.

## **Til kapittel 14: Overgangen mellom opplæringssystemets nivåer**

Utvalet peikar på at samarbeid mellom dei ulike nivåa i opplæringssystemet har vist seg som ein grunnleggjande suksessfaktor for vellukka språkopplæring. NLA Høgskolen vil derfor understreka betydninga av forslaget om å lovbestemma ansvaret for sikring av informasjonsflyt og gode overgangsordningar. Ansvaret må vera forankra i leiinga, men både fagpersonale og foreldre må få innsikt i og medverknad på informasjonsutvekslinga.

## **Til kap 16: Spesialundervisning**

Vi støttar utvalet sitt framlegg til tiltak og vil understreka at det er viktig at PPT får tilført fleispråkleg kompetanse. Det er og viktig at det blir utvikla kartleggingsmateriell som er tilpassa minoritetsbarn for å sikra at dei får den hjelpa som dei har behov for både i barnehage og skule.

## **Til kap. 17: Foreldresamarbeid**

Når det gjeld foreldresamarbeid er det som utvalet påpeikar, viktig med kompetanseheving og kunnskap hos personalet både i barnehage og skule når det gjeld elevar med minoritetsbakgrunn. Å utarbeida ein rettleiar i forhold til foreldresamarbeid trur vi vil vera positivt. Både holdningar og kunnskap hos personalet er avgjerande for å få til eit godt foreldresamarbeid til beste for barnet.



## Til kap 20: Kompetanse

NLA Høgskolen støttar fullt opp utvalet sitt forslag til tiltak og vil særleg understreka at det er viktig at og høgskolesektoren sin kompetanse blir styrka. Vi stiller oss og positive til at det blir lagt inn barnehagepraksis i grunnskulelærerutdanninga. Forskinga bør knytast til ein av høgskulane i plassen for eit senter for språkutvikling. Det vil vera i tråd med intensjonen om ei praksisnær utdanning der ein vil kunna utveksla og styrka kunnskap og kompetanse.

## Kapittel 21: Økonomiske og administrative konsekvensar

Utvalet foreslår avvikling av kontantstøtta for å auke minoritetsspråklege barn si deltaking i barnehage. Dette er eit omfattande tiltak som berre kan ha positiv effekt for ei lita gruppe, mens det vedkjem alle familiar med barn i den aktuelle aldersgruppa. Avvikling av ei ordning for alle familiar med barn i den aktuelle aldersgruppa, for å unngå at ei lita gruppe minoritetsspråklige skal få betre språkstimulering, er urimeleg. Svært mange vil kunne tape på avvikling av kontantstøtta, mens få vil tena på det. I staden bør spesifikke tiltak setjast i verk for å nå minoritetsspråklige grupper. Utvalets grunngjeving tar ikkje omsyn til andre berørte grupper og verkar derfor urimeleg.

Forslaget om moglegheit til å oppnå generell studiekompetanse eller yrkeskompetanse utan eksamen etter ordinær læreplan i norsk svekkjar elevane sine sjansar for å lukkast med studium og arbeid dersom dei ikkje beherskar norsk på det nivået som vert kravd i studiesituasjonar og arbeidsliv. NLA Høgskolen meiner det bør tenkast nytt når det gjeld å gje morsmålslararar, assistentar og tospråklege assistentar tilbod om utdanning for å gje dei formell kompetanse og ei profesjonsutdanning.

NLA Høgskolen

Bjarne Kvam  
rektor